



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1538-1

10. mai 2024

Oppfølging av Fosen-saka

Som ledd i oppfølginga av Høgsterettsdommen i Fosen-saka 11. oktober 2021, er det etter meklingar mellom vindkraftselskapa og reindrifta inngått avtale mellom Fosen Vind og Sør-Fosen sijte 18. desember 2023 og mellom Roan Vind DA og Nord-Fosen sijte 6. mars 2024. Eg er glad for at det har vore mogleg å løyse denne saka gjennom minnelege avtalar.

Med dette brevet, som eg sender i forståing med energiministeren, klima- og miljøministeren og landbruks- og matministeren, vil eg rette merksemd på nokre viktige omsyn som kommunane med areal som omfattar Fosen reinbeitedistrikt har eit særleg ansvar for.

Dei nemnde avtalane mellom partane inneber mellom anna at Storheia og Roan vindkraftverk drivast vidare i samsvar med konsesjonane. Etter partane sitt ønske har staten teke på seg ansvar for å skaffe tilleggsareal for vinterbeite utanfor Fosen reinbeitedistrikt for begge gruppene. Prosessen med å finne moglege areal er starta opp, ved at Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har fått i oppdrag å identifisere, avgrense og greie ut moglege areal for vinterbeite utanfor Fosen reinbeitedistrikt. Aktuelle areal for vinterbeite vil bli peikte ut i samråd med reindrifta. Etterpå vil det bli gjennomført ein reguleringsprosess som vil gi kommunal og regional medverknad. Reguleringsprosessen vil også vere naudsynt for konsesjonsbehandling etter reindriftslova.

Reindrifta på Fosen skal vere berekraftig i eit generasjonsperspektiv, noko som har vore ein sentral premiss i den gjennomførte meklingsprosessen. Eit tilleggsbeite utanfor Fosen reinbeitedistrikt vil kunne avlaste reindrifta vinterstid og bidra til å sikre ei berekraftig reindrift, men er likevel ikkje meint å vere ei erstatning for dagens vinterbeiteområde innanfor Fosen reinbeitedistrikt. Sør-Fosen sijte og Nord-Fosen sijte har framleis rettane til sine tradisjonelle reinbeiteområde på Fosen, og områda vil vere viktige for drifta både på kort og lengre sikt.

For å legge til rette for og å sikre ei berekraftig reindrift på Fosen framover, er det difor viktig at kommunane tek tilbørleg omsyn til reindrifra i arealplanlegginga og ved handsaming av dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova.

Det same gjeld i reguleringa av motorisert ferdsel i utmark. Når kommunane til dømes opnar for motorferdsel, bør ein leggje vekt på lokalisering, omfang og tidspunkt som gir mindre ulemper for reindrifra. Snøscooterløyper kan, med gode traséval, samle og kanalisere slik køyring vekk frå reinbeiteområde. Kommunane bør òg vurdere summen av påverknadar i området saman med løyve til eventuelle nye tiltak og aktivitetar.

Desse føringane er viktige både for å oppretthalde bruken av og kvaliteten i beiteområda, og for å sikre at reindrifra sine flyttleier blir oppretthaldne over tid.

Avtalane som no er inngåtte, gjer grunnlag for vidare drift av Storheia og Roan vindkraftverk. Det er viktig for inntekter og sysselsetting i vertskommunane. Det har vore ein lang og krevjande prosess for partane i saka, og ikkje minst reindrifra fortener anerkjenning for dei løysningane ein har kome fram til. Eg legg til grunn at òg kommunane på Fosen ser verdiane i dei avtalane som er inngåtte, og at dei vil bidra til at reindrifra kan få tiltrengt ro og føreseielegheit rundt drifta si.

Med helsing



Erling Sande

Kopi

Energidepartementet
Klima- og miljødepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Sametinget
Statsforvalteren i Trøndelag
Trøndelag fylkeskommune
Norske reindriftssamers landsforbund
Nord-Fosen sije
Roan Vind DA
Sør-Fosen sije
Fosen Vind

Adresseliste

Flatanger kommune	Lauvsneshaugen 25	7770	FLATANGER
Inderøy kommune	Vennalivegen 7	7670	INDERØY
Indre Fosen kommune	Rådhusveien 13	7100	RISSA
Namsos kommune	Stavarvegen 2	7856	JØA
Osen kommune	Kommunehuset	7740	STEINSDALEN
Steinkjer kommune	Postboks 2530	7729	STEINKJER
Ørland kommune	Alf Nebbs gate 2	7160	BJUGN
Åfjord kommune	Postboks 54	7169	ÅFJORD